

NVE

30. juni 2010

KLAGE - LØYVE TIL ØYGARDELVA OG LAURDALSELVA KRAFTVERK I VOLDA KOMMUNE

Naturvernforbundet i Ørsta og Volda i samarbeid med Naturvernforbundet i Møre og Romsdal vil klage på løyver av 8. juni 2010 til å bygge Øygardselva kraftverk og Laurdalselva kraftverk i Volda kommune.

Vi må få kome tilbake til ei utdjuing av klagen innan 15. juli 2010, men skal nemne dei viktigaste momenta i klaga.

1. Løyve gitt i verna vassdrag

Stigedalsvassdraget er verna vassdrag, og løyva er etter det fylket opplyser dei første som blir gitt i verna vassdrag i Møre og Romsdal. Terskelen som er overgått med å gi løyve i verna vassdrag er eit sentralt tema for klagen. Når ein ser at svært mange andre vassdrag også er utbygd i dette området, virker dette forsterkande på behovet for at i alle fall vassdrag som er varig verna får vere i fred for denne typen inngrep.

2. Unik berggrunn

Laurdalselva er truleg einaste vassdrag i verda av denne storleiken som renn over olivingrunn. Olivingrunn vil påverke både vegetasjon og truleg også dyreliv av ymse slag. Dette er lite undersøkt, og mørkeverdiane knytt til dette kan vere store. Vi veit til dømes at det berre i løpet av dei siste par åra er komen til mykje ny kunnskap om sopp og olivingrunn andre stader, og ser for oss at tilsvarande kan vere tilfelle om det blir gjort meir undersøkingar av tema vassdrag og olivingrunn.

Tema for klagen har vi ikkje vore borti så langt i Møre og Romsdal og det gjer at det har blitt knapp tid å kome med utdjuing av klagen. Eit reisefråvere i perioden 2. - 11.7. gjer at vi treng tida fram til 15.7.2010 for å kome med dei utdjuingane av klaga som er nødvendig.

Med helsing

Øystein Folden
Leiar i Naturvernforbundet i Møre og Romsdal